



Notat

Dato
FØRDE, 11.09.2018

Frå: Fylkesdirektøren
Til: Hovudutval for næring og kultur

Folkebibliotekstatistikken for Sogn og Fjordane 2017

Folkebiblioteka rapporterer statistikk til Nasjonalbiblioteket årleg, og fylkesbiblioteket gjennomgår og kvalitetssikrar tala for Nasjonalbiblioteket så langt råd er. Korrigerte 2017-tal var klare i byrjinga av juni. Fylkesbiblioteket har i etterkant analysert og systematisert tala, og sett på trendar og utvikling over tid. Kommentarane til statistikken, samt alle rapporterte tal er [publiserte på heimesida til fylkesbiblioteket](#). Vi trekkjer her fram nokre hovudtal.

Oppsummert ser vi at tal arrangement i folkebiblioteka framleis aukar. Samla utlånstal følgjer i stor grad landstendensen, og gjekk litt ned i 2017. Barnebokutlånet er større enn utlånet av vaksenbøker, og utlån til barn held seg høgt. E-bokutlån utgjer ein liten del av det totale utlånet, men er eit viktig supplement. Utviklingsprosjekt har blitt ein sentral del av aktiviteten til biblioteka.

Folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag

Folkebiblioteka sitt tilbod er i stadig utvikling, og publikum brukar biblioteket på nye måtar. Dette viser att i statistikken som biblioteka rapporterer kvart år.

I § 1 i biblioteklova heiter det at

Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.


Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. [...]

Dei siste åra har særleg områda «aktiv formidling» og «uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt» vorte vektlagde, og dette ha resultert i ein kraftig auke i formidlingstiltak og ulike typar arrangement i biblioteka.

Arrangement

Grafen viser utvikling i tal arrangement i biblioteka, og frammøtte på desse.



Her er rekna arrangement av og i biblioteket, også der andre står ansvarlege for innhaldet.
Arrangement for skule/barnehage er ikkje rekna med.

Totalt hadde biblioteka 489 arrangement av ulike slag, av desse 117 for barn, med til saman 13 931 deltagarar. I tillegg kom arrangement i biblioteket der biblioteket legg til rette, men andre er ansvarlege for innhaldet, til saman 114 og med 1282 frammøtte, og arrangement for skular og barnehagar, totalt 296, med 8121 deltagarar.

Vi ser nærmare på nokre kategoriar (bibliotekorienteringar og arrangement for skular og barnehagar er ikkje tatt med her):

Arrangement	Biblioteket er arrangør, åleine eller i samarbeid med andre	I biblioteket, men andre eineansvar for innhaldet	Totalt
Samtale-/ debattarrangement			
- totalt	21	16	37
- for barn	2	0	2
- frammøtte	677	149	826
Kulturarrangement			
- totalt	280	22	302
- for barn	79	2	81
- frammøtte	10 436	524	10 960
Opplæring/kurs/verkstad			
- totalt	168	76	244
- for barn	26	0	26
- frammøtte	2 533	609	3 142

Aller flest arrangement har ein innan kategorien «kulturarrangement». Her reknar ein litteraturformidling, barneframsyningar, føredrag, lesesirklar, scenekunst med meir. Det er også på denne typen arrangement det er absolutt flest frammøtte.

«Samtale- og debattarrangement» er det færre av. Dette er arrangement der føremålet er meiningsutveksling om eit tema, t.d. paneldebattar eller meiningsutveksling mellom éin eller fleire innleiarar og publikum.

I «Opplæring/kurs/verkstad» finn ein t.d slektsforskingskurs, språkkafé og rettleiing i internettbruk.

Dei einskilde biblioteka hadde frå ingen til rundt hundre arrangement i 2017.

[Alle statistikktal for arrangement og besøk \(pdf\).](#)


Utlån

Utlånsutviklinga i Sogn og Fjordane følgjer stort sett utlånstrenden på landsbasis. Det vart registrert 3,94 utlån (papirbøker, tidsskrift, lydbøker og filmar) pr. innbyggjar i fylket, 4,05 i Noreg. Dette er litt ned frå i fjor, der tala var høvesvis 4,11 og 4,26, og er framhald av ein trend med mindre utlån.

Det er spesielt utlån av vaksenbøker som går ned, barnebokutlånet har dei siste åra auka. Frå 2010 (2013 i Noreg) har det totalt blitt lånt ut fleire barnebøker enn vaksenbøker. Både fylkesbiblioteket og folkebiblioteka har hatt litteraturformidling til barn og unge som eit viktig satsingsområde. Vi meiner at satsing på lesestimulering og lesekampanjar, som Sommarles, har bidrege til auka utlån av barnelitteratur.

I 2017 var t.d. 12 bibliotek med på den digitale Sommarles-kampanjen, med 907 registrerte brukarar i 1.-7. klasse, noko som var 16,3 % oppslutning. Desse deltararane registrerte 787 861 sider lese i 8053 bøker. Fleire bibliotek hadde eigne sommarles-kampanjar.

Oppslutninga om digital Sommarles har auka kraftig til 2018. I år er 20 bibliotek i fylket med, og tala viser ei oppslutning på 34,3 % i målgruppa. Det er registrert 2866 brukarar, over 3,6 millionar lesne sider og 36 282 registrerte bøker. Det er naturleg å tru at dette vil vise igjen i statistikken.



Det blir lånt ut svært mange fleire barnebøker pr. barn (0-14 år), enn vaksenbøker pr. vaksen. Det vart gjennomsnittleg lånt ut 3,19 bøker pr. innbyggjar i 2017. Talet for utlån av vaksenbøker pr. vaksen var 1,59, fordeler ein utlån av barnebøker pr. barn får ein 10,46. For heile landet er tala høvesvis 1,78 og 9,39.

[Tal for utlån pr. kommune \(pdf\)](#)

Digitale tilbod

Biblioteka tilbyr utlån/nedlasting av e-bøker, digitale aviser og tidsskrifter, og norske kort- og dokumentarfilmar høvesvis gjennom eBookBib, Pressreader og Filmbib.

Tenestene eBookBib og Pressreader er eit samarbeid mellom folkebiblioteka og fylkesbiblioteket. Filmbib er eit nasjonalt tilbod for alle med nasjonalt lånekort frå biblioteket.

E-bokutlånet varierer gjennom året, gjerne med toppar i ferietida. Det er mest vaksenlitteratur tilgjengeleg i appen. Utviklinga sidan starten i april 2014 viser at utlånet av e-bøker ikkje tar over for trykt materiale, men at det er eit viktig supplement i biblioteket sitt tilbod. Totalt utlån av e-bøker i 2017 var 16 875.

Prosjekt og utviklingsarbeid

Dei siste åra har det vore tilgjengeleg utviklingsmidlar frå Nasjonalbiblioteket i mykje større grad enn tidlegare, og det har også vore mogeleg å søkje støtte til prosjekt frå t.d. Fritt Ord. 18 av folkebiblioteka deltok i 2017 i prosjekt som hadde fått ekstern støtte – 1-3 prosjekt pr. bibliotek. Dette gjeld både prosjekt folkebiblioteka sjølv initierer og gjennomfører, og deltaking i fylkesbiblioteket sine prosjekt.

Prosjekta er t.d. samarbeid om forfattarturnear, teater i biblioteket, lesestimuleringstiltak, utvikling av nye formidlingsmetodar med meir.

Personalressursar

I Sogn og Fjordane er det 26 hovudbibliotek, og 9 av kommunane har i tillegg til saman 26 filialar. Ei vanleg veke har hovudbiblioteka samla ope til saman 589 timer, varierande frå 8 til 48 timer pr. bibliotek. Filialane har i tillegg ope totalt 99,25 timer, i gjennomsnitt litt under 4 timer i veka kvar.

Til å drive biblioteka er det i Sogn og Fjordane tilsett 85 personar i til saman 45,15 årsverk. 25 personar i til saman 19,89 årsverk er fagutdanna bibliotekarar, 19 (9,37 årsverk) har anna høgre utdanning, og 41 (15,89 årsverk) kjem i kategorien «Anna kontor/fagpersonale».

I 2017 hadde 9 bibliotek mindre enn 1 årsverk, ytterlegare 8 har mellom 1 og 2 årsverk. 9 har 2 eller fleire årsverk.

På <http://fylkesbiblioteket.sj.no/statistikk> ligg alle statistikktal frå 2017 og tidlegare år.